

Haustetidsvurderingar veke 36

Måndag 4. september vart det tatt prøver av 'Discovery' og 'Summerred'.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvene er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Discovery

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 30 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 6-8

Streifindeks: 0,09-0,16

Dyrkar	K O Loen		K Kleppe		G A Vereide	
Stad	Loen		Innvik		Sandane	
Prøve nr	1		2		3	
Dato	28.08.23	04.09.23	28.08.23	04.09.23	28.08.23	04.09.23
Fruktvekt g	146	147,3	163	175	140	156,1
Grunnfarge	C3	C3-C4	C2-C3	C3-C4	C2-C3	C3-C4
Fastleik	8,1	7,85	8,3	7,0	8,3	7,3
Sukker	10,35	11,23	10,98	11,1	10,68	11,75
Stive	5,1	6,1	5,6	6,7	4,3	6,5
Streif	0,15	0,1	0,13	0,09	0,18	0,09

Sukkerinnhaldet har auka og samsvarar med at det har minka på stiva og at grunnfargen er blitt gulare sidan førre prøveuttak. Alle verdiar ligg no innan optimalverdiar og i tidlege felt er 'Discovery' no hausteklar. Seinare felt kan nok vente med starthasting mot slutten av veka mot helga og over helga. Følg godt med på utviklinga og grunnfargen på frukta i eigne felt.



28.august

1.Loen



4.september

1.Loen



4.september

2. Innvik

Grunnfargen har blitt gulare den siste veka og ligg mellom C3-C4 som er optimalt for hausting.



Stivnedbrytinga er no komt godt innafor optimalverdiene og ligg for det meste mellom 6 og 8 med nokre unntak.

Summerred

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,09-0,11

Dyrkar	K O Loen		G A Vereide	
Stad	Loen		Sandane	
Prøve nr	1		2	
Dato	28.08.23	04.09.23	28.08.23	04.09.23
Fruktvekt g	132	152,5	136	157,8
Grunnfarge	C2	C2-C3	C1-C2	C2-C3
Fastleik	8,9	8	8,7	8,5
Sukker	9,56	9,9	9,89	11,1
Stive	2,6	3,6	3,1	3,9
Streif	0,35	0,22	0,28	0,19

Utviklinga har gått framover i både sukker, stive og grunnfarge. Ein ligg enno for lågt på stive som er det viktigaste å sjå på når det gjeld optimale haustetidspunkt i 'Summerred'. Ein kan nok rekne med 1,5-2 veker att før frukta er hausteklar i tidlege felt. Nye prøver vert tekne måndag 11. september.



1.Loen



Grunnfargen ligg no mellom C2-C3 og har blitt litt mindre grøn siste veke.

2.Sandane



Det er framleis ein god del stive att, men utviklinga går framover veke for veke.